

NYTT om iraqwa - bibelen



NR. 2 Mars 2005

GT TIL STAMMESPRÅK I TANZANIA

- så eg kan sjå neste steg -

I min ungdom var eg ved fleire høve ledsager for dikteren Mathias Orheim, som var blind. Ein gong sa han til meg: Nora, lån meg augo dine, så eg kan sjå neste steg. Det har eg sjølv mange gonger hatt bruk for å sei til Gud, når eg har vore usikker på kvar vegen vidare skal gå. Etter at iraqwbibelen var ferdig, har nettopp dette vore mi bøn for arbeidet vårt.

Ein dag fekk eg ei oppfordring per telefon, som vi måtte ta stilling til: "Ta i bruk internett som reiskap til å nå ut med det de brenn for." - "Det må eg snakke med Han Far og styret om," svarte eg, nokså matt ved tanken på å ha "heile verda" som tilhøyrarar.

Etter samtalen tok eg fram kontorbibelen min, og bad Gud, lån meg augo dine så eg ser neste steg. Så opna eg bibelen og der lyste Slm. 19, 4 –5:

Det er ikkje tale, det er ikkje ord, og inga røyst som kan høyrast. Men bodskapen går over heile jorda og vitnemålet til heimsens ende.

Kva visste David om moderne kommunikasjon i 2005 som internett, då han skreiv Salme 19? Eg fekk svar, som så mange gonger før, klinkande klårt. Ei ny dør vart opna, og Gud gav styringsgruppa det svaret vi trong for å ta avgjerd i denne saka.

Nora Klungseth

Bibelen arbeider sjølv

"Bibelen gjer sin gjerning der den fer fram," skriv Frøydis. Han ikkje berre fer fram, eg ser for meg – som dei så ofte seier i sporten om skiløparane: Han FOSSAR fram!!!

Ein bibel i hylla
er død som stein,
som fossen i fjellet,
- frosen i stein.

Men ta han og les han
så blir han i oss
ein levande, veldig
vår løysings-foss.

Han må ikkje berre liggja i øskjene, han må få føter å gå på! Skal me vera føter – hender, pengar til å pusja på, riva ned stengsel og demningar – så han riktig får FOSSA FRAM?

Gunvor Grødem

Jesusfilmen til Iraqwspråket

Den 13.01.05 fekk vi gjester frå teamet i Jesus Film Prosjektet, dei som gir ut film om Jesu liv. Arbeidet med opptak varte i 9 dagar. I dette arbeidet var det over 18 personar som var engasjert, og som spela ulike roller. Kvar for seg gjekk dei til opptak etter oppsett program, så dei trong ikkje sitja og venta på kvarandre.



Siste dagen var vi alle kalla saman for å sjå og høyra, og sjekka heile opptaket. Eg for min del synest filmen var veldig fin. Eg fann det vanskeleg å høyra for å sjekka, for eg vart så opptatt med budskapet på filmen. Det var tydeleg, og budskapet kom godt fram. Eg kan ikkje seia at desse aktørane greidde det perfekt. Men dei har gått inn for det, og gjort så godt dei kunne. Det var veldig fint å sjå Johannes Døyparen sin tale på iraqw, og talane til Jesus, saman med bileta.

Det er mitt håp at denne filmen skal trekkja mange av iraqwfolket til å høyra på Guds ord, serleg fordi den snakkar iraqw og tilhøyrarane treng ikkje streva med iraqw-bokstavar, tonemerker og teikn.

Gud kjem iraqwfolket nærare og nærare på ymse måtar, slik at dei ”ikkje har noko å orsaka seg med.” Rom 1:20. Denne filmen kjem til å bli ein spesielt reiskap for evangelisering i heile området til iraqwfolket, og gorwafolket. Og eg trur den kjem til å verta ei sterk overteljning for iraqwfolket til å bruka iraqwbibelen sin.

Gud vere takk for si store gåve, som vi ikkje greier å prisa høgt nok. Spesiell takk til dykk for at de har gjort det mogeleg med filmarbeid. Vi takkar og organisasjonen som har Jesusfilm prosjektet, fordi dei vurderte det viktig at også vi skulle få denne filmen på vårt språk.

Zakayo A. Xufo

Smånytt frå Mbulu

Hjelp oss å lesa!

Nokre evangelistar og forstandarar frå pinsevevnn-forsamlingar i Dongobesh-området kom til ein evangelist i den lutherske kyrkja og bad om hjelp. No hadde dei kjøpt iraqwbibelen, og ville så gjerne bruka den i kyrkja om søndagen. Men dei kunne ikkje lesa iraqw. Kunne han lesa søndagsteksten for dei og øva med dei, slik at dei kunne greia det sjølve når søndagen kom? – Jau, det ville han gjerne. Det enda med at desse evangelistane no samlast hos han kvar onsdag for å læra lesa teksten frå iraqwbibelen. Og når søndagen kjem, les dei sjølve, kvar i sin forsamling, frå iraqwbibelen, så folket deira kan få høyra Guds ord på sitt eige språk, utan å gå vegen om swahili.

Anglikansk liturgi

Den anglikanske presten i Mbulu kom innom på kontoret til Zakayo ein dag. Han hadde så lyst å prøva ha heile gudstenesta i kyrkja deira på iraqw, Men den anglikanske liturgien finnest ikkje på iraqw. Kunne omsetjingsteamet hjelpa med å omsetja denne liturgien til iraqw? Det gjorde godt for teamet å få ei slik oppfordring. No er dei ferdige med den lutherske liturgien, og så har Gud rydda veg for den anglikanske utan at dei eingong har tenkt på det. Iraqwbibelen arbeider sjølv.

Bibelboks-programmet.

Somme av dei som har fått bibelboks (fem biblar for sal), tek biblane sine under armen og går ut for å selja. Då går dei fem biblane raskt unna, og seljaren kjem for å få nye. Andre ventar på at folk skal koma og kjøpa seg ein bibel frå bibelboksen deira. Det går ikkje. Framgangen står i forhold til innsatsen, også i dette.

Gå ut

Omsetjingsteamet vil no framover nytta søndagane til å koma seg ut til dei ulike kyrkjesamfunna for å vera med på gudstenesta deira, orientera om leseopplæringa og selja biblar. Dei vil dela seg opp, ein eller to til kvar kyrkje, så dei kan nå flest mogleg.

Heimatt til Mbulu

Sjølv reiser eg tilbake til Mbulu den 4de mars for å vera med dei i tre månader, for å vidareføra arbeidet med lese- og skrive-opplæring. Dei har bede meg om å koma endå ein gong for å stø dei i dette. Vi kan vel ikkje seia nei til det? Sjølv om det kostar, - både for deg og for meg. Takk for du er med ut med Bibelen. Den gjer ein stor gjerning der den fer fram.

Varm helsing og takk til kvar især.
Frøydis

Evaluerings- og inspirasjons seminar

Kristina, Magdalena og Sanka har reist rundt til alle prostia og oppmuntra til lese- og skrivekurs og til å bruka Iraqw-bibelen i gudstenestene. Vi tek med nokre glytt frå desse reisene deira.

"Dei kristne er ikkje vant med å lesa iraqw-salmane som veksellesing, slik dei til vanleg gjer på Swahili. Den dagen vi var i Haydom, øvde vi med dei å lesa Salmen for neste søndag som veksellesing. Deltakarane såg kor viktig det var å bruka Iraqwbibelen på gudstenesta. Ein av dei sa at når dei les frå Iraqwbibelen føler dei mykje sterkare at Gud er saman med dei, enn når dei les frå Swahilibibelen. Ein evangelist sa: "No er ikkje Gud ein framand for oss lenger. I mange år har Gud vore som ein framand, for vi snakka med han på Swahili."

Evangelistane i Dongobesh har kome godt i gang med kurs. Alle evangelistane gjekk inn for å bruka iraqwbibelen i gudstenestene.

Ein deltakar i Hanang fortalde: "Eg miste swahilibibelen min for ei tid sidan, difor har eg berre iraqwbibelen min att. No er det den som er min bibel som eg les i både heime og i kyrkja. Ein dag las eg frå den på ei gravferdsgudsteneste. Der var det og folk som hørde til andre kyrkjesamfunn. Dei hørde at eg las iraqw, og dei kom bort til meg etterpå og spurde kva slag bibel eg las frå. Det var fyrste gongen dei hørde Guds ord på iraqw. Eg bad dei nemna nokre bibelord som dei kunne hugsa på Swahili, så skulle eg lesa det for dei på iraqw. Så gav eg dei sjølv iraqwbibelen så dei kunne sjå etter sjølv og finna ut om det verkeleg var sjølv Bibelen eller om det var ei anna bok".

Det har vore fint å reisa rundt til dei som vi hadde lese- og skrivekurs for i fjor. Vi gledde oss over å kunne hjelpa dei der dei hadde køyrt seg fast. Og det var oppmuntrande å få høyre korleis Iraqwbibelen no blir brukt. Vi avsluttar desse seminara med Esra 10:4:

"Stå opp, for det er du som må syta for dette, men vi skal hjelpa deg. Ver ved godt mot og gå til verket!"

- ikkje mogeleg utan di hjelp -

Av og til er det naudsynt å sjå seg attende for å forstå kvar vegen vidare må gå. Året 2004 var eit heilt spesielt år for iraqwbibelprosjektet. Eit stort mål var nådd den dagen lastebilen til bibelselskapet i Tanzania kom til Mbulu fullasta med iraqwbiblar. Det var og fantastisk å sjå den store interessa folket hadde for å læra seg å lesa sitt eige språk. Frå 17. mai til 11. november - 26 veker - vart det halde 216 lese- og skrivekurs rundt omkring på feltet. Det er 8,3 kurs per veke. Frøydis var i Mbulu i ca 19 veker og deltok på 18 kurs. Iveren spreier seg no til dei andre kyrkjesamfunna, og vi vil fortsetje å rydde veg så Ordet kan nå beinveges til iraqwhjarto. Dette store engasjementet hadde ikkje vore mogeleg utan di hjelp.

Ambulerande kursverksemd er krevjande både når det gjeld helse og økonomi. For å gjere arbeidet lettare for Frøydis og teamet, vil vi i år ruste opp eit kurssenter i Mbulu - Wayda . Det vil også spare oss for store reiseutgifter.

Nytt frå heimefronten

Som du ser leitar vi framleis etter måtar å redusere utgiftene på både heime og ute. For å redusere utgiftene til porto har vi no gjort det mogeleg å henta Nytt om Iraqwbibelen frå internett www.iraqw.org for deg som har tilgang til det, men då må du gje oss ei melding så vi kan stryka deg frå utsendingslista. Gud opnar nye og utenkte dører for oss, må han også gje oss mot til å bruka dei.

Nora Klungseth

Iraqw-prosjektet har fått heimeside på internett.

Heimesida er å finna på www.iraqw.org

For dei som nyttar datamaskin er dette eit stort nyhende. På heimesida kan ein lett finna mykje om arbeidet vårt, både det som har hendt før og det som skjer no. Bladet vårt, "Nytt om Iraqw-bibelen" vert no lagt ut der, og etter kvart skal også tidlegare årgangar av bladet vera å finna der, saman med mange opplysningar om arbeidet i prosjektet. I tillegg kan de sjå bilete og små videobitar frå vigslingsfeiringa 25. juli 2004 og frå kulturdagane i Dar es Salaam. Talane som vart haldne ved desse tilstellingane kan du og lesa der. Ønskjer du å senda helsing til andre i Støttegruppa for Iraqw-prosjektet, finn du eit eige rom for det og. Sida er redigert at Lars Bjarne Klungseth, og han har gjort det svært lett og greit å finna fram til mykje interessant informasjon om arbeidet. Bladet vil sjølvsagt halda fram, men dei som har høve til å lesa bladet på heimesida, kan spare prosjektet for utgifter til porto. Velkomne til å nytta denne framifrå gode heimesida for å halda kontakten med arbeidet vårt. Lykke til!

Ingeborg Askeland

Me takkar

- for at Gud har gitt oss vilje og mot til å fortsetja
- for den veldige responsen på leseopplæringa
- for gode medarbeidarar heime og ute
- for trufaste forbedarar og gjevarar
- for at Iraqw-bibelen blir så godt motteken

Me ber for

- Bibel Box programmet og for Wayda-bladet
- for Nora sitt Tanzaniabesøk i mars
- for dei som vil halda lese- og skrivekurs på sin eigen heimstad
- for teamet sitt kontaktarbeid med andre kyrkjer
- om at Frøydis må få krefter og helse til å fortsette enno eit år
- for alle som går på lesekurs
- for teamet og familiane deira
- for dei som no har lært å lesa, at Ordet må tala til dei

Gåver til:

"Støttegruppa for Iraqw-Bibelen"

Postgiro: 6005.07.21585

Admin.: Nora Klungseth

Postboks 95, 6882 Øvre Årdal

Tlf.: 416 76 548 Fax: 57 66 26 55

E-post : nora.klungseth@aars.no

Frøydis Nordbustad

Postboks 95,

6882 Øvre Årdal

Tlf.: 00870762826945

E-post: iraqwot@africaonline.co.tz

Heimeside: www.iraqw.org

"Nytt om Iraqw-Bibelen"

I redaksjonen: Ingeborg Askeland,

Valfrid Haugvaldstad Kjølvik

Redaktør: Gunvor Grødem

Grødem, 4340 Bryne

Tlf./faks: 51 48 71 31

E-post: gunvg@online.no